



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Klage på dispensasjon for flytebryggje - Alver - 338/40 - Refskår

Vi viser til brev frå kommunen datert 12.04.2022.

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 21/381 med saknr. 21/83614, datert 10.12.2021, om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for etablering av flytebryggje med landgang – gbnr 338/40 Refskar.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 23.03.2021, der Alver kommune sitt vedtak i sak 21/381 med saknr. 21/83614, datert 10.12.2021, ikkje vart oppretthalden og klagen vart tatt til følgje. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

### **APM- 040/22 Vedtak:**

*Klagen vert teke til følgje og vedtak i sak 21/381 med saknr 21/83614 datert 10.12 2021, om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for etablering av flytebryggje med landgang på Gbnr 338/40 vert gjort om. Med heimel i forvaltningslova §33 jfr. plan-og bygningslova §19-2 vert søknad, godkjendtt som omsøkt.*

### **Grunngjeving:**

*Flytebryggja har ein storleik på 4,5 X 2,0 m og tilhøyrande landgang på 3,5 meter.*

*Tiltaket kjem ikkje i konflikt med arealføremål.*

*Apm-utvalet ser at flytebryggje vil sikra eigar av hytte på Gbnr 338/75 og naust på Gbnr 338/40 (tiltakshavar) tilkomst til sjø, noko utvalet meiner er positivt, både med hensyn til personar med nedsett funksjonsevne, barnevogn o.a. Det ligg fleire flytebryggjer i området og kan difor ikkje sjå at med omsøkt tiltak, vil privatisera området meir enn i dag. Tiltaket ligg meir enn 4 meter frå nabogrense, og har ein størrelse på 9kvm, ligg 6,5 m unna eigedomsgrrensa og 20 m unna naust på Gbnr 338/3. Tiltaket har såleis lite volum og være godt plassert til eksisterande bebyggelse utan å framstå som privatiserande for strandlinja. Bergen Havnevesen har ikkje innsigelser: Sitat» Tiltaket vil ikkje være problematisk etter havne-og farvannsloven. Vi er såleis positiv til tiltaket.» sitat slutt.*

*Etter ei samla vurdering meiner APM- utvalet at omsøkt tiltak er klart større enn ulempene.*



## **Statsforvaltaren klagar med dette på Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune sitt vedtak om dispensasjon for etablering av flytebrygge i møte 23.03.22, APM- 040/22.**

### Grunngjeving

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

I kommuneplanen er arealet sett av til flytebrygger i sjø og naust på land. Tiltaket er i samsvar med formål i kommuneplanen, men det er naudsynt med dispensasjon frå plankravet sett i kommuneplanen. Generelle omsyn bak plankravet er mellom anna å kunne sikre ei heilskapleg, berekraftig og gjennomtenkt utvikling av området. Plankravet skal mellom anna sikre ein open og føreseieleg prosess, med god medverknad for både offentlege og private partar, jf. pbl. §1-1.

Det er ein god del brygger og flytebrygger i området i dag. Kommunen opplyser at dei ikkje har funne løyve til dei etablerte flytebryggjene i nærleiken. Dette var ikkje opplyst då Statsforvaltaren hadde saka til uttale, og opplysninga endrar vår vurdering av saka. Kommunen skriv også:

*«Det er ikkje grunnlag for å gje fritak frå plankravet da eksisterande flytebryggjer i området etablert utan løyve. Flytebryggje utan løyve eksisterer ikkje.»*

Statsforvaltaren er samd i denne vurderinga. Tiltak utan løyve skal ikkje bli retningsgjevande for utvikling av området.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø er klar på at avklaring av arealbruk i strandsona skal skje gjennom planlegging og ikkje igjennom enkeltvis dispensasjonar. Krav om reguleringsplan skal også tolkast strengt i pressområda.

I ein reguleringsplan kan anlegga vurderast samla, og ein kan vurdere heilskaplege løysingar som fellesanlegg. Sjølv om arealet er sett av til flytebrygger i kommuneplanen er det ikkje slik at ein skal bygge ned heile området. I ein reguleringsplan skal ein finne dei gode løysingane for ein berekraftig utvikling av strandsona til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar jf. pbl. § 1-1.

Ein dispensasjon i saka kan også gjere det vanskeleg for kommunen å avslå liknande søknader i dette område, eller i andre områder sett med tilsvarande formål i kommuneplanen. I denne saka har ein nabo ytra ønske om eit fellesanlegg innanfor same området. Det er viktig at tiltaka vert vurdert samla.

Ein dispensasjon frå plankrav kan vere aktuelt om arealet i stor grad er ferdig utbygt. Med informasjon om at kommunen ikkje har funne løyve for dei etablerte flytebryggjene i nærleiken, og at ein nabo også har planar for utvikling av området med flytebrygger, meiner vi at ein dispensasjon frå plankrav vil vere uheldig for utviklinga av strandsona i området. Statsforvaltaren vurderer difor at



det er viktig å halde fast ved plankravet og at tiltak ev. bør skje etter ein reguleringsplan for området, for å sikre ei heilskapleg utvikling i området.

Statsforvaltaren vurderer at dei statlege interessene i strandsona vert vesentleg tilsidesette ved ei dispensasjon i denne saka. Jf. elles pbl. § 19-2 andre ledd første setning. Plassering av flytebrygger i dette område må eventuelt gjerast i ein planprosess, der verdiane i strandsona og andre relevante tema vert vurdert samla. Dispensasjonen som er gitt i saka er etter vårt syn ikkje gitt i samsvar med dei statlege planretningslinene for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

I tillegg kan vi heller ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Statsforvaltaren klagar difor på Alver kommune sitt vedtak i møte 23.03.22, saknr. 040/22.

Statsforvaltaren ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon, slik det er søkt om. Vi ber vidare om at vedtaket vert gitt utsett iverksetjing til klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN